



Norges vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

201001799-16
KI/BASO 312

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201204058-11/313/TONMART

Dykkar ref.:
NVE 201001799-5 ki/baso

Bergen, 04. september 2012

Søknad om løyve til bygging av Kvanndalselva kraftverk i Etne kommune - Fråsegn

Vi viser til brev dagsett 03. mai 2012 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Småkraft AS sin søknad om bygging Kvanndal kraftverk i Etne. Vi viser vidare til innvilga utsett høyringsfrist i saka.

Fylkesutvalet gjorde i møte 29.08.2012 følgjande vedtak i sak 188/12:

1. Nordsida av Åkrafjorden med Kvanndalselva er eit av få fjordlandskap med urørt preg i Hordaland og har stor verdi. Så framt at kulturminneinteressene vert teke vare på som skissert i merknadene til saka og under føresetnad av at anleggsarbeid og utbyggingsløyving tek særleg omsyn til å oppretthalde det urørte preget, rår fylkesutvalet til at det vert gjeve løyve til utbygging av Kvanndalselva kraftverk.
2. Fylkesutvalet meiner at minstevassføringa må aukast til 66 l/s for å sikre tilstrekkeleg vassføring til fisk i elva og oppretthalde inntrykk av elva og då særleg elvejuvet som landskapselement.
3. Fylkesutvalet meiner at konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene ikkje er tilstrekkeleg opplyst og oppfordrar NVE til å krevje betre dokumentasjon av konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene.
4. Fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka konflikt med freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Vedlagt følgjer kopi av saksutgreiinga og møteboka. Saksutgreiing og vedtak kan ein og lese på nettstaden: www.hordaland.no/energi under politiske vedtak.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressursjef

Tone Constance Martinessen
Sakshandsamar

Kopi: Warren, Elizabeth; Slinning, Tore, Kultur- og idrettsavdelinga



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201204058
Arkivnr. 313
Sakshandsamar Martinessen, Tone Constance

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	21.08.12	69/12
Fylkesutvalet	29.08.12	188/12

SØKNAD OM BYGGING AV KVANDALSELVA KRAFTVERK I ETNE - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 21.08.12

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

”Fylkesutvalet frarår at det vert gjeve løyve til utbygging av Kvandalselva kraftverk”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG, R)

INNSTILLING

1. Nordsida av Åkrafjorden med Kvandalselva er eit av få fjordlandskap med urørt preg i Hordaland og har stor verdi. Så framt at kulturminneinteressene vert teke vare på som skissert i merknadene til saka og under føresetnad av at anleggsarbeid og utbyggingsløyving tek særleg omsyn til å oppretthalde det urørte preget, rår fylkesutvalet til at det vert gjeve løyve til utbygging av Kvandalselva kraftverk.
2. Fylkesutvalet meiner at minstevassføringa må aukast til 66 l/s for å sikre tilstrekkeleg vassføring til fisk i elva og oppretthalde inntrykk av elva og då særleg elvejuvet som landskapselement.
3. Fylkesutvalet meiner at konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene ikkje er tilstrekkeleg opplyst og oppfordrar NVE til å krevje betre dokumentasjon av konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene.
4. Fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Nordsida av Åkrafjorden med Kvanndalselva er eit av få fjordlandskap med urørt preg i Hordaland og har stor verdi. Dersom kulturminneinteressene vert teke vare på som skissert i merknadene til saka og under føresetnad av at anleggsarbeid og utbyggingsløyising tek særleg omsyn til å oppretthalde det urørte preget, rår fylkesutvalet til at det vert gjeve løyve til utbygging av Kvanndalselva kraftverk.
2. Fylkesutvalet meiner at minstevassføringa må aukast til 66 l/s for å sikre tilstrekkeleg vassføring til fisk i elva og oppretthalde inntrykk av elva, og då særleg elvejuvet som landskapselement.
3. Fylkesutvalet meiner at konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene ikkje er tilstrekkeleg opplyst og oppfordrar NVE til å krevje betre dokumentasjon av konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene.
4. Fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 3. september 2012

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Berelsen



Arkivsak 201204058-4
Arkivnr. 313
Saksh. Magnar Bjerga, Tone Constance Martinessen, Tore Slinning og Elisabeth Warren

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	21.08.2012
Fylkesutvalet	29.08.2012

SØKNAD OM BYGGING AV KVANNDALSELVA KRAFTVERK I ETNE - FRÅSEGN

SAMANDRAG


Småkraft AS ynskjer i samarbeid med grunneigarar å byggje Kvanndalselva kraftverk på nordsida av Åkrafjorden i Etne. Utbygginga er planlagd med eit hovudinntak på kote 170 og kraftstasjonen på kote 5 ved fjorden der det er mykje restar av gammalt kulturlandskap. Utbygginga vil gje 4,86GWh ny kraft. Det er lagt opp til slepp av minstevassføring på 22 l/s heile året.

Utbygginga gjeld nordsida av Åkrafjorden der eit urørt preg gjev området stor verdi. Elva er lite synleg i landskapsrom der den er nedskoren i landskapet og skjult av skogsvegetasjon. Konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminne er ikkje tilstrekkeleg opplyst. Kraftstasjonen ligg i gammalt kulturlandskap med mange verdiar som gamle edellauvtrær, styvingstrær og andre element frå kulturlandskap. Under føresetnad at av at det vert teke særskilt omsyn for å ta vare på det urørte preget i landskapet rår ein i saka til at det vert gjeve løyve til utbygging om kulturminneinteressene vert teke tilstrekkeleg omsyn til.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Nordsida av Åkrafjorden med Kvanndalselva er eit av få fjordlandskap med urørt preg i Hordaland og har stor verdi. Så framti at kulturminneinteressene vert teke vare på som skissert i merknadene til saka og under føresetnad av at anleggsarbeid og utbyggingsløyving tek særleg omsyn til å oppretthalde det urørte preget, rår fylkesutvalet til at det vert gjeve løyve til utbygging av Kvanndalselva kraftverk.
2. Fylkesutvalet meiner at minstevassføringa må aukast til 66 l/s for å sikre tilstrekkeleg vassføring til fisk i elva og oppretthalde inntrykk av elva og då særleg elvejuvet som landskapselement.
3. Fylkesutvalet meiner at konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene ikkje er tilstrekkeleg opplyst og oppfordrar NVE til å krevje betre dokumentasjon av konsekvensane tiltaket vil ha for kulturminneinteressene.

4. Fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka konflikt med freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.



Paul M. Nilsen
fylkesrådmann



for Jan Per Styve
regionaldirektør

Vedlegg:

- 1) Fylkeskommunale retningsliner for små vasskraftverk

1. Innledning


Småkraft AS har søkt Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om løyve til bygging av Kvanndalselva kraftverk i Etne kommune. NVE har sendt saka på høyring til mellom anna Hordaland fylkeskommune. Høyringsfristen var opphavleg sett til 25. juni 2012, men fylkeskommunen og Fylkesmannen har etter førespurnad fått utsett frist til 3. september 2012. Denne søknaden bør sjåast i samanheng med søknaden om bygging av Djuvselva kraftverk, nokre få dalføre lengre aust i fjorden, som er til samstundes handsaming i kultur- og ressursutvalet og fylkesutvalet.

Dokumenter i saka kan leses på NVE sin nettstad:

<http://www.nve.no/no/allekonsesjoner/?soknad=6060&stadium=&type=11>

2. Kort om søknaden

Kvanndalselva renn ut i Åkrafjorden i Etne kommune, sør i Hordaland. Den delen av nedbørsfeltet som er planlagt utnytta i kvanndalselva kraftverk utgjir 4,88 km² (sjå figur 1).



Figur 1: Oversikt over området rundt Kvanndalselva med omtrentleg avgrensing av nedbørsfeltet som er tenkt utnytta av Kvanndalselva kraftverk (4,88 km²). Nordre del av vassdraget er overført ut til nabovassdraget i nordvest. Kjelde: NNI-rapport nr. 297, mars 2012 (vedlegg til konsesjonssøknaden). Kartkjelde: Statens kartverk 2009.

NVE gir følgjande oppsummering av søknaden i sitt høyringsbrev av 03.05.2012:

”Småkraft AS vil utnytte fallet i Kvanndalselva mellom kote 170 og kote 5. Nedbørsfeltet er 4,88 km² med middelvassføring på 537 l/s. Røyrkata vil gå på austsida av elva og vil hovudsakleg bli grave ned. Kraftverket vert liggjande ved fjorden på kote 5. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 1450 kW og maksimal slukeevne 1074 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 4,86 GWh. Det skal byggjast 30 m permanent veg frå kai til kraftstasjonen. Det skal og byggjast ein midlertidig

anleggsveg frå kraftstasjonen og opp til inntaket. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 22 l/s heile året”.

3. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

For kraftverk i denne storleiken er det ikkje trong for eiga konsekvensutgreiing. Det ligg føre ei utgreiing om tema biologisk mangfald slik NVE set krav om til småkraftsøknader. I tillegg ligg det føre ein eigen rapport om tema landskap. Heile søknaden med NNI rapportane kan ein lese på NVE sin nettstad: www.nve.no under ”konsesjoner” og ”vannkraft”.

Vassføring

Inntaket på kote 170 moh har eit naturleg nedbørsfelt på 8,37 km². Tidlegare har 3,49 km² blitt overført til eit anna kraftverk. Det betyr at i dag er nedbørsfeltet 4,88 km² med middelvassføring på 570 l/s ved kote 170 moh. Ein har berekna ålmenn lågvassføring til å vere 22 l/s for Kvanndalselva. Tilsvarande er 5-persentilen ved inntaket berekna å vere for sommarsesongen (1/5 – 30/9) 64 l/s og for vintersesongen (1/10 – 30/4) 17 l/s.

Utbyggjar legg opp til slepp av minstevassføring tilsvarande ålmenn lågvassføring 22 l/s heile året.

Haust- og vinterflaumar er dominerande og ei eventuell utbygging vil ikkje endre noko vesentleg på dette.

Biologisk mangfald

Nedre delen av nedbørsfeltet er dominert av skog der blandingsskogar og bjørkeskogar dominerar. Ved tiltaket er det edelløvskog og rester av kulturlandskap med mellom anna rester av gamle styvingstre.

Direktoratet for naturvern (DN) har registrert to viktige naturtypar: haustingsskog og bekkekløft. Ved synfaring blei det registrert i og ved tiltaket naturtypar av ei blanding av Rik edellauvskog, Gamal fattig edellauvskog, Haustingsskog og Slåtte-mark.

Under feltarbeid blei det funne raudlistartar av alm og ask og frå før er det kartlagt ein raudlista lavart som ikkje blei funne under synfaring. Det ble berre observert vintererle av typiske fuglearter knytt til vasstreng, men sidan synfaring blei gjort etter hekkesesong (slutten av juli) er det sannsynleg at også fossekall og strandsnipe hekker her.

Det blei ikkje utført andre zoologiske undersøkingar som å undersøkje botnfauna under synfaring så det er knytt stor usikkerheit til dette tema.

Tiltaket er vurdert å ha *middels negativ konsekvens* for biologisk mangfald.

Fisk

Det blei observert aure, mest sannsynleg sjøaure under synfaring av elva. Dei ble observert i mindre holer og strykstrekningar i nedste 50 m av elva, men kan sannsynlegvis vandre heilt opp til den fyrste fossen. Sjøauren i Hordaland er under sterkt press frå m.a. lakselus, og småelver som Kvanndalselva vil då kunne fungere som ein plass der fisk kan bli kvitt sine parasittar. Tiltaket vurderast som *lite negativ konsekvens* for fisk.

Landskap, verneområde og inngrepsfrie naturområde (INON)

Kvanndalselva er ein del av Åkrafjorden og er lite synleg i storlandskapet. Landskapet her er prega av det typiske fjordlandskapet for fjorden med skogkledde fjordlier, fjellparti og nokon grad kulturlandskap med Kvanndal. Det er kulturlandskapet som gjev influensområde stor verdi med Kvanndal gard. Her er eit variert landskap med innslag av søyleeinar, gamle edelløvtrær, styvingstrær og andre element frå kulturlandskap.

Samla sett får temaet landskap *middels negativ konsekvens*.

Kulturminne

I følgje søknaden viser søk i Riksantikvaren sine databasar *Askeladden* og *Kulturminnesøk* ingen registrerte kulturminne innanfor influensområdet. I tillegg viser eit søk i Miljøstatus fire SEFRAK-

objekter (*ruin eller fjernet objekt*) langs Kvanndalselva, men ingen innanfor den delen av elven som er planlagt utbygd.

Landbruk

Det er ikkje aktiv landbruksdrift i dag, og område blei fråflytta på 1980-talet. Eigarane bruker staden som fritidsbustad grunna mangel på veg.

Friluftsliv/brukerinteresser

Elvejuvet nedst i elva er ikkje spesielt farbart, men har stor opplevingsverdi. Kan brukast til juvvandring. Det er ein merka sti langs Kvanndalselva, men det er lite brukt til turgåing. Det går ein gamal gangveg frå Kvanndal og vidare austover som blir brukt som turveg. Som eit ledd i Åkrafjorden landskapspark er det planlagt å lage ein offentleg rasteplass ved naustet på kaien. Utover dette er det hjortejakt langs heile Åkrafjorden.

4. Fylkesrådmannen sine vurderingar

Gjennom arbeidet med fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 (småkraftplanen) vart det utforma nye retningslinjer som erstatta retningslinjene i Energiplan for Hordaland (2001-2012), når det gjeld små vasskraftverk. Retningslinjene er mal for fylkesrådmannen sine vurderingar av søknader om konsesjon til vasskraftutbygging, og følgjer som vedlegg til denne saka.

R1 Overordna rammer

Retningslina syner ei grunnleggjande positiv haldning til bygging av små vasskraftverk. Aktuell utbygging vil gi kring 4,86 GWh og vil skje i eit samarbeid mellom grunneigarar og Småkraft AS.

R2 Verna vassdrag

Ikkje relevant.

R3 Fjordlandskap

Vassdraget høyrer til delområde 13 i småkraftplanen, nærmare bestemt til den delen av nordsida av Åkrafjorden som er utan samanhengande vegsamband og som derfor er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi. Ei utbygging, der det meste av dagens restvassføring blir tatt ut av det nedste strekket av elva med påfølgjande konsekvens for elvejuvet, samt aktuelle inngrep i kulturlandskapet (så som røyrgate og veg), vil ifølgje NNI-rapport nr. 297 samla sett gi middels negativ konsekvens for landskapet. Rapporten legg til at det er gode moglegheiter for å finne løysingar som unngår inngrep i viktige landskapselement i Kvanndalen, og at ein dermed kan redusere dei negative verknadene.

Isolert sett kan kanskje fjordlandskapet tole ei utbygging av Kvanndalselva. Utbygginga må derimot setjast i samheng med andre realiserte og planlagde utbyggingar i nærleiken. Konsesjonssøknad for utbygging av Djuvselva kraftverk, nokre få dalføre lengre aust i Åkrafjorden, er til politisk handsaming samstundes med Kvanndalselva kraftverk. Begge desse kraftverka ligg i fjordlandskap av stor verdi, der ein ifølgje retningsline R3 skal vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Vidare skal ein i slike fjordlandskap leggje vekt på at terrenginngrep (vegar, røyrgate, m.v.), ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det ifølgje retningsline R3 stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Det er i søknaden sett opp ei rekkje aktuelle avbøtande tiltak. Desse bør gjennomførast i tilfelle det blir gitt løyve til utbygging. Den foreslåtte minstevassføringa på 22 l/s for heile året bør aukast til 64 l/s i sommarhalvåret (dvs. tilsvarande gjennomsnittleg lågvassføring for denne tida på året), for betre å oppretthalde opplevingsverdien av det nære landskapet, med særleg adresse til elvejuvet. Dette bør ikkje minst gjelde då vassføringa allereie er sterkt redusert som følgje av at vatn frå øvre delar av vassdraget er overført til kraftanlegg i anna vassdrag. Vidare bør ein ved ei eventuell utbygging unngå hogst av dei store, gamle lauvtræa i kulturlandskapet i samband med etablering av røyrgate.

R4 Sårbart høgfjell
Ikkje relevant.

R5 Biologisk mangfald

Småkraftplanen nemner at det i Kvanndalselva er registrert ei bekkeløft av svært stor verdi. NNI-rapport nr. 294 konkluderer med at utbygginga totalt sett vil gi middels negativ konsekvens for biologisk mangfald, ikkje minst på grunn av inngrep knytt til planlagd røytrase i eit verdsett B-område (= viktig område for biologisk mangfald). Rapporten legg derimot vekt på vesentlege manglar i datagrunnlaget for det zoologiske mangfaldet. Til dømes er ikkje grupper som pattedyr (med unnatak av hjort), fugl, reptil, amfibium og botndyr kartlagt i elva og influensområdet til den planlagde utbygginga. Rapporten framhev at *"Det er imidlertid til stede et middels til stort potensial for forekomster av arter på Bern og Bonn listene, dvs. arter som ville gitt stor verdi etter NVE-mal"*.

Naturmangfaldlova § 8 slår fast at *"Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet"*. Utbyggingsområdet har potensiale for biologiske funn av internasjonalt format, og såleis er det eit spørsmål om § 8 i naturmangfaldlova kan seiast å vere oppfylt.

Fylkesrådmannen legg til grunn at Fylkesmannen i Hordaland vurderer søknaden i høve til biologisk mangfald på eit meir detaljert nivå, inkl. eventuell trong for ny synfaring med søkjelys på zoologi.

R6 Fisk

Retningsline 6 slår fast at ein ikkje skal gi løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar for elvestrekningar med sjøaure eller storaure. Under konsulenten si synfaring i området i juli 2009, vart det observert aure, sannsynlegvis sjøaure, i stryk og mindre hølar i de nedste 50 m av Kvanndalselva. Sjøauren i Hordaland er under sterkt press frå m.a. lakselus, og småelver som Kvanndalselva vil då kunne fungere som refugium der fisk kan bli kvitt sine parasittar. Ein viss produksjon av fisk i Kvanndalselva vil også i seg sjølv innebere verdi. Retningsline 6 slår fast at *"løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin"*. For Kvanndalselva, som er å rekne for eit mindre viktig område for sjøaure, er det auka og differensiert minstevassføring med ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida som gjeld i tilfelle utbygging. Ei minstevassføring på 22 l/s i gytetida er sannsynlegvis altfor lite og bør aukast monaleg.

R7 Friluftsliv

Området er ikkje mykje nytta til friluftsliv. Det nedlagte gardsbruket blir nytta av grunneigarar som feriebusstad. Dette skuldast særleg mangel på vegforbinding utanom ein gamal gangveg frå Kvanndal og vidare austover til dei andre fråflytta gardsbruka innover fjorden. Denne gangvegen blir i nokon grad nytta som turveg. Det er planlagt ein offentlig raste-/grillplass ved naustet i regi av Åkrafjorden landskapsark i samarbeid med kommunen. Ifølgje NNI-rapport nr. 297 om landskap, har Kvanndalselva gode opplevingskvalitetar for juvvandring, som er ein del av friluftslivet mange stader. Det går ein merka sti langs Kvanndalselva. Det føregår hjortejakt langs heile Åkrafjorden. Ei eventuell utbygging må ta omsyn til desse friluftslivsinteressene.

R8 kulturminne

Konsekvensane tiltak vil ha for kulturminneinteressene ikkje er tilstrekkelig opplyst. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuelt iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

R9 Reiseliv

Retningslina har søkjelys på redusert opplevingskvalitet i område med stor verdi for reiseliv. Gjennom satsinga i Åkrafjorden landskapsark blir det lagt vekt på berekraftig næringsutvikling basert på natur- og kulturlandskap i området. Eit av reiselivsprodukt er Nordsidemarsjen/Nordsida kultursti som går

langs fjorden på den veglause delen av Åkrafjorden frå Kvanndal til Eitveit. Ei eventuell utbygging må ta omsyn til desse reiselivsinteressene.

R10 Tunnelmassar

Ikkje relevant.

R11 kulturminne

I søknaden er det omtalt og vist bilde av eldre stiar, steingardar, styvingstrær mm, som vitnar om bruken av området tilbake i tid. Ingen av desse er skildra som kulturminne i søknaden. Hordaland fylkeskommune saknar ei utgreiing av kulturminnetema som er utført av fagfolk og baserer seg på ei grundig synfaring av området. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune vurderer at potensialet for funn av hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne er tilstade. Dette er eit område som ikkje har vore systematisk undersøkt av arkeologar før. Då det er eit potensial for funn av hittil ikkje-registret automatisk freda kulturminne vil det vere naudsynt med nærare kulturminnegransking for å avklare dette. Dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltak, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde. Undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, må vere oppfylt i god tid før iverksetting av tiltak i marka.

Samla vurdering

I denne saka er det tema biologisk mangfald, fjordlandskap og reiseliv som vil ha noko negativ innverknad som følge av ei utbygging. For andre tema som fisk er det vurdert til liten eller ingen negativ konsekvens.

Søknaden er ikkje tilstrekkeleg opplyst når det gjeld kulturminneinteresser. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova ikkje er oppfylt. Det er krav om arkeologisk registrering. Dersom det vert gjort funn av automatisk freda kulturminne som er i konflikt med tiltaket må planen justerast eller det må søkast om dispensasjon frå kulturminnelova.

Elva er lite synleg i det store landskapsrom, men har kvalitetar lokalt som fossar og elvejuv med naturtypar som bekkekløft og bergvegg.

Såframt kulturminneinteressene vert ivareteke som skissert i merknadene, minstevassføringa heva monaleg og ein kan gjennomføre utbygginga med røyrgate og veganlegg utan at det vert større sår i landskapet slik at området kan behalde sitt urørte preg, rår ein til utbygging av dette prosjektet.

Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk		
Søknadshandsaming		
Dei fylkespolitiske retningslinjene er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Hordaland. Tolkinga av konflikhtar og i kva grad eit tiltak er i tråd med omsyn i planen, ligg til fylkesutvalet.		
Overordna rammer		Referanse
R1	Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast.	
R2	I verna område er verneføresegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert. I verna vassdrag kan konsesjon for kraftverk opp til 1MW og opprusting av eksisterande anlegg vurderast om tiltaket ikkje svekker verneverdiane i området.	Kapittel 4
Rammer for utbygging		
R3	Fjordlandskap: - I urørte fjordlandskap skal ein vere <i>svært restriktiv</i> med kraftutbygging som reduserer det urørte preget i landskapet. - I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere <i>restriktiv</i> med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.	Kapittel 3.1.2 Verdikart fjordlandskap
R4	Sårbart høgfjell: - I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere <i>restriktiv</i> med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden. - I andre område med sårbart høgfjell bør ein <i>vise varsemd</i> med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.	Kapittel 3.1.1 Verdikart sårbart høgfjell
R5	Biologisk mangfald: - Ein skal <i>vise varsemd</i> med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga" (CR), "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista. - For vatn med hekkande lom skal ein <i>ikkje gje løyve</i> til reguleringar som inneber endra vasstand eller endra svingingar i høve til dagens situasjon. - For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn. - Etablering av røyrgate og anleggsveg må ikkje føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi. - Ein bør som hovudsak unngå tiltak som skaper barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.	Kapittel 3.2 Verdikart biologisk mangfald Norsk raudliste, naturtypar og førekomstar av artar: www.naturbase.no www.miljostatus.no Fylkesmannen i Hordaland Direktoratet for naturforvaltning
R6	Fisk: - I nasjonale laksevassdrag skal ein <i>ikkje gje løyve</i> til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, dersom det fører til negativ innverknad på bestanden. Ein må <i>vise varsemd</i> ved utbygging oppstraums lakseførande strekning, og utbygging krev særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen. - I lakseførande elver bør ein <i>ikkje gje løyve</i> til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, og ein må <i>vise varsemd</i> ved utbygging oppstraums lakseførande strekning. - For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein <i>ikkje gje løyve til</i> vesentlege vasstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstraums aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.	Kapittel 3.4 og 4 Verdikart fisk Direktoratet for naturforvaltning Fylkesmannen i Hordaland

	4. Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.	
R7	Friluftsliv 1. Ein bør <i>vise varsemd</i> ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.	<i>Kapittel 3.6</i> <i>Verdikart friluftsliv</i> Hordaland fylkeskommune
R8	Kulturminne 1. I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein <i>vise varsemd</i> med løyve til ny vasskraftutbygging.	<i>Kapittel 3.5</i> Hordaland fylkeskommune
R9	Reiseliv 1. I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein <i>vise varsemd</i> med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.	<i>Kapittel 3.7</i> Hordaland fylkeskommune
R10	Alternativ bruk av eventuelle tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget.	
<i>Søknadsfase</i>		
R11	For små vasskraftverk i Hordaland gjeld følgjande krav for konsesjonssøknader samt søknader som har fått konsesjonsfritak og skal til kommunal handsaming ¹⁾ : 1. Alle søknader skal som minstemål følgje mal frå NVE for småkraftverksøknader. 2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vere del av søknaden. 3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tipper og andre arealinngrep som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga skal vere del av søknaden. 4. For tiltak som kan ha influens på område med særskilt vern må konsesjonssøknaden ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse. 5. I område der utbygging kan føre med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensial for slike, skal dette kartleggjast. 6. Konsesjonssøknad skal innehalde fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring. 7. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vere oppfylt innan fylkeskommunen skal ta stilling til saka. 8. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast. ¹⁾ Punkt 4, 5 og 6 gjeld ikkje for søknader som har fått konsesjonsfritak.	NVE NVE Atlas <i>Kapittel 4</i> Fylkesmannen i Hordaland Hordaland fylkeskommune Kommunen